



RADØY KOMMUNE
HORDABØ SKULE
5937 Bøvågen



Referat frå møtet i samarbeidsutvalet 15.10.15

Desse møtte :

Anne Berit Palmesen – representant for kommunen
Eirin Misje – representant for foreldra
Kristin Helland - representant for undervisningspersonalet
Kristin V. Marøy - representant for undervisningspersonalet
Maria Marøy - representant for andre tilsette
Stian Næss – elevrepresentant
Johanne H. Helland - elevrepresentant
Siren Stang Pletten – vara for rektor /representant for kommunen

Forfall :

Hanne –Mari Engen –rektor/ representant for kommunen
Espen Helland- representant for foreldra
Janne R. Mellingen - representant for foreldra

Anne Berit Palmesen informerte om at det var siste gong ho møtte som representant for kommunen i vårt samarbeidsutval. Når det nye kommunestyret konstituerer seg i slutten av oktober , vil det bli peika ut ein ny representant. Trass i at ho ønskte å halda fram. Takk til Anne Berit for mange års samarbeid!

*Radøy kommune sin Plan for samarbeid heim – skule . Me gjekk igjennom SU sine oppgåver.

*Val : Eirin Misje vart mellombels valt som leiar. På neste møte vert val av leiar og nestleiar tatt opp igjen. Rektor er skrivar.

*Orientering til SU : forskrift til ordensreglement for Hordabø skule . Dei tilsette ved skulen ønskjer å endra på punkt 9 i ordensreglane for å få ein meir rettviss handsaming av punktet.

Frå : 9.Eg har ikkje med meg mobiltelefon på skulen. Dersom eg av ein eller annan grunn må ha telefon med meg ein dag, skal eg levera melding om dette. Eg nyttar heller ikkje utstyr eller gjenstandar som kan uroa, skada eller vera til ulempe for andre. Sykkel skal stå parkert i skuletida.

Konsekvensar ved brot på regel 9:

Registrering i protokoll- inndraging av gjenstand eller snop etc.

Dersom ein ved eit uhell har med mobiltelefonen kan den leverast til kontaktlærer og fåast att ved slutten av dagen. Har ein med telefon utan melding, vert telefonen liggande på rektor sitt kontor til foreldre og elev saman hentar den. Melding til heimen.

Til: 9. Eg nyttar ikkje mobiltelefon eller anna privat digitalt utstyr på skulen. Skulen er ikkje erstatningspliktig for private ting som ein har tatt med på skulen.

Konsekvensar ved brot på reglane 9 (og 10)

(Registrering i protokoll- inndraging av gjenstand eller snop etc.)

Dersom eg nyttar mobil eller anna privat digitalt utstyr, vert det inndrege og foreldre/føresette må koma på skulen og henta mobilen /utstyret.

Det vart ikkje registrert innvendingar mot denne endringa. Saka skal opp i FAU og elevrådet.

- I samband med dette punktet tok foreldra opp til diskusjon nettbbruk/ It's learning. Skulen har jamleg fokus på nettvett. Foreldra må og vera «på vakt» og sjekka kva ungane deira gjer/legg ut/ sender på nettet.

*Mobbeundersøking. Skulen gjennomførte ei lokal, anonym mobbeundersøking i dag i 4.-7.klasse. Resultatet vil ein koma tilbake til . Undersøkinga er så konkret at ein kan gå direkte inn og undersøkje nærare. Skulen vil gjennomføre to mobbeundersøkingar til i løpet av skuleåret. Ein lokal til våren og ein nasjonal rundt jul/nyttår.

Hordabø skule 22.10.15

Siren Stang Pletten

Siren Stang Pletten